



Norddal kommune



Stordal kommune

## **Fellesnemnda for ny kommune**

**Fellesnemndsmøte Norddal og Stordal kommunar 13. februar 2018**

**Stad: Kommunehuset i Stordal**

**Tid: 14:15-16:45**

Til stades:

Eva Hove, leiar, Arne Sandnes, Laila Olsen, Olav Løvoll, Viktor Valdal, Bjørn Ove Olsen, Kjersti R. Hjelle, John Helge Larsen

Frå administrasjonen:

Rådmann Karl André Birkhol

Rådmann Anne Berit Løset

Prosjektleder Hilde Dyrkorn som også var sekretær på møtet

### **Merknader til innkalling og sakliste;**

Ingen merknad til innkallinga.

Saklista vart endra med fylgjande;

1. Det vart delt ut ei sak i møtet, som fellesnemnda vart beden om å behandle. Saka vart sett inn i saklista som sak 12/18: Grensejustering i Stranda – høyringsfråsegn frå fellesnemnda for nye Fjord kommune.
2. Det kom og opp ei sak i samband med orienteringssakene frå prosjektleder. Sak 13/18: Delegering av mynde for utarbeiding av mandat til arbeidsgruppene fase 2.
3. Saka 14/18: Val av leiar og nestleiar til partsamansett utval for Fjord kommune.

### **Orienteringssaker:**

1. Orientering kring utlysning av administrasjonssjefsstillinga for Fjord kommune
2. Grensejustering
3. Interkommunale samarbeid
4. Informasjon investeringsbudsjett i fellesnemnda – *budsjettskjema frå Norddal og Stordal var utsendt*

### **Orientering frå prosjektleder:**

1. Digitaliseringsprosjektet – status etter oppstartsmøte
2. Informasjonssider/heimesidene
3. Kartleggingsrapportar frå arbeidsgruppene
4. Organisasjonsnummer for Fjord kommune
5. Innbyggjarinvolvering - samling 13 mars Norddal

## **Sakliste:**

### **05/18: Godkjenning av protokoll frå møte 25.01.2018**

#### **Arbeidsutvalet si innstilling:**

Protokollen frå møte 25.01.2018 vert godkjent.

#### **Behandling i fellesnemnda:**

Protokoll frå møtet i januar vart i møtet referert frå leiar.

#### **Røysting:**

Samrøystes i samsvar med innstillinga.

#### **Vedtak:**

Protokollen frå møte 25.01.2018 vart godkjent.

### **06/18: Referatsak – K.sak 04/18 i Norddal kommune: Miljøfyrtårnsertifisering**

#### **Arbeidsutvalet si innstilling:**

Referatsaka vert tatt til vitande.

#### **Behandling i fellesnemnda:**

Samrøystes i samsvar med innstillinga.

#### **Vedtak:**

Referatsaka vert tatt til vitande.

### **07/18: Omstillingsavtale for bygging av Fjord kommune – høyring**

#### **Arbeidsutvalet si innstilling:**

Fellesnemnda legg vedlagte omstillingsavtale ut på høyring som beskrive i saksutgreiinga.

#### **Behandling i partsamansett utval:**

Omstillingsavtalen vert referert punktvis, og ein noterer endringsforslag. Det er små ord og kommafeil som gjer at teksten kan mistydst.

Punktet «Kriterie for utvelging av overtallige tilsette» må rettast. Linja med kompetanse og personleg eignaheit kan verte oppfatta som ei føring, og må strykast i følge PSU.

Punkt 9 «Særavtalar», kan med fordel flyttast til pk 7 «Verksemdsoverdraging».

Under punkt 2 «Tidsrom» må ein vurdere om avtalen bør gjelde også for ein periode inn i nye Fjord kommune. Konkret forslag er at omstillingsperioden skal gjelde til 30.06.2020. Dette kan ordnast med at avtalen vert lagt fram for det nye kommunestyret i Fjord kommune.

**Uttale frå partsamansett utval:**

Omstillingsdokumentet vert sendt ut til høyring med dei endringar som kjem fram av dokumentet.

**Behandling i fellesnemnda:**

Dokumentet vert referert punktvis av leiar i fellesnemnda.

Pk.2 fellesnemnda ser at dokumentet må opp til handsaming og gjelde ei tid inn i nye Fjord kommune, eksakt dato vert sett til 30.06.2020.

Pk 3 det partsamansette utvalet skal lage eit dokument, krev ei spesifisering i dokumentet

Pk 6 omstillingsutval, vert å endre til omstillingsråd, då eit råd gir råd i saker.

Pk for kriterie for utvelgning må rettast, og punkt om forvaltning og rettspraksis takast inn.

Det vert uttalt at personleg eignaheit må vere eit kriterie frå arbeidsgjevar si side når det skal utarbeidast kriterie.

PK.9 særavtalar kan med fordel flyttast over til pk 7

**Vedtak samrøystes:**

Omstillingsavtalen vert sendt til høyring med dei endringar som kjem fram av dokumentet.

Fellesnemnda meiner omstillingsavtalen må å gjelde til 30.06.2020, og vedtek derfor å sende den opp til behandling til kommunestyret for Fjord kommune.

**08/18: Godtgjerslereglement – revidering av vedteke reglement, og omgjering av tidlegare vedtak****Arbeidsutvalet si innstilling:**

1.

Fellesnemnda gjer om inkje vedtak av 19.12.17 sak 06 om inntil ei dagslønn per månad for hovudverneomboda i prosjektperioden, og godtgjersle for arbeid i prosjektperioden vert i høve vedteke godtgjerslereglement.

2.

Medlemmar i fellesnemnda eller politiske arbeidsgrupper som ikkje krev tapt arbeidsforteneste, kan søkje om eit maksbeløp på kr 1600 per dag.

3.

Godtgjerslene gjeld med verknad frå kickoff/oppstartsmøte 28.11.17 og ut desember 2019.

**Behandling i fellesnemnda:**

Det vert drøfta ulike måtar å gje godtgjersle på, og den eine måten er ikkje meir rett enn den andre. Ein ser at her lett kan verte uklare liner, og vel å utsette saka til ein har klarheit i fleire av spørsmåla som vert framsett.

**Vedtak samrøystes:**

Saka vert utsett og sendt attende til arbeidsutvalet.

## **09/18: Kommunikasjonsplan for bygging av Fjord kommune 2018-2020**

### **Arbeidsutvalet si innstilling:**

1. Fellesnemnda sluttar seg til framlegget til kommunikasjonsplan for prosjektet i perioden 2018-2020 slik det går fram i vedlegg til denne saka.
2. Planen vert revidert/oppdatert i takt med at samanslåingsprosjektet skrid fram.

### **Behandling i partsamansett utval:**

Det vert bemerkta at ein skal i høve kommunikasjonsplanen vere gode digitalt. Det er fortsatt ting på vent, og det hastar med å komme vidare.

### **Uttale frå partsamansett utval:**

Kommunikasjonsplanen tek opp i seg dei momenta ein har lagt føringar for i tidlegare vedtak i fellesnemnda. Planen kan sendast vidare utan merknad.

### **Behandling i fellesnemnda:**

Det vert drøfta korleis ein skal nytte sosiale media og kva som skal ut på desse sidene. Heimeside er under utarbeiding, og ein må finne dei gode løysingane. Denne kommunikasjonsplanen er ein godt gjennomarbeida plan, som må takast i bruk.

### **Røysting:**

Samrøystes i samsvar med innstillinga.

### **Vedtak:**

1. Fellesnemnda sluttar seg til framlegget til kommunikasjonsplan for prosjektet i perioden 2018-2020 slik det går fram i vedlegg til denne saka.
2. Planen vert revidert/oppdatert i takt med at samanslåingsprosjektet skrid fram.

## **10/18: Prosjektplan – Norddal og Stordal byggjer Fjord kommune – revidert utgåve**

### **Arbeidsutvalet si innstilling:**

1. Fellesnemnda sluttar seg til framlegget til prosjektplan slik det går fram av saksutgreiinga og vedlegga til saka.
2. Prosjektplanen skal leggjast ut på heimesidene, og oppdaterast i takt med at samanslåinga skrid fram.

3. Det ligg til prosjektleiar sitt ansvar å oppdatere prosjektplanen.

**Behandling i fellesnemnda:**

Samrøystes i samsvar med innstillinga.

**Vedtak:**

1. Fellesnemnda sluttar seg til framlegget til prosjektplan slik det går fram av saksutgreiinga og vedlegga til saka.

2. Prosjektplanen skal leggjast ut på heimesidene, og oppdaterast i takt med at samanslåinga skrid fram.

3. Det ligg til prosjektleiar sitt ansvar å oppdatere prosjektplanen.

**11/18: Politisk struktur for Fjord kommune – arbeidsmøte 2**

**Arbeidsutvalet si innstilling:**

Den politiske strukturen for Fjord kommune vert lagt fram for drøfting.

**Behandling i fellesnemnda:**

Saka vart drøfta.

**Vedtak samrøystes:**

Fellesnemnda for Fjord kommune vedtek at den politiske strukturen vert bestående av kommunestyre, formannskap og kontrollutval.

Fellesnemnda vi arbeide vidare med korleis ein på ulike måtar kan styrkje innbyggjarinolveringa

**12/18: Grensejustering i Stranda – høyringsfråsegn frå fellesnemnda for nye Fjord kommune**

Saka vart delt ut i møtet.

Rådmann i Norddal meldte seg inhabil i saka.

**Arbeidsutvalet si innstilling:**

Fellesnemnda for nye Fjord kommune sluttar seg til fråsegn om grensejustering i Stranda kommune som det går fram av saksutgreiinga.

**Behandling i fellesnemnda:**

Medlemmane i fellesnemnda fekk tid til å lese forslaget til høyringsuttale om grensejustering i Stranda–Liabygda krins. Det vart så drøfta forslag til endring i teksten, der fellesnemnda var

samde om ei spissing i forhold til sosiale aktivitetar og at handelsstad for krinsen naturleg ligg til Norddal og Stordal.

**Vedtak samrøystes:**

Fellesnemnda for nye Fjord kommune sluttar seg til fråsegn om grensejustering i Stranda kommune med dei spissingane som vart drøfta i møtet.  
Fellesnemnda rår til at leiar og prosjektleiar ferdigstiller fråsegna, og sender den til Fylkesmannen.

**13/18 Delegering av mynde for utarbeiding av mandat til arbeidsgruppene fase 2.**

Saka kom opp i fellesnemndsmøtet etter orienteringssak om arbeidsgruppene frå PL.

**Behandling i møtet:**

Fellesnemnda ser viktigheita av å kome raskt i gang og ikkje tape tid for arbeidsgruppene i det vidare arbeidet.  
Fellesnemnda vel å gi arbeidsutvalet mynde til å utarbeide mandat for arbeidsgruppene, og det arbeidet som skal gjerast i fase 2. Slik vil ein oppretthalde kontinuitet i arbeidet og prøve å hindre meirarbeid det kan medføre dersom ein utset det vidare arbeidet etter kartlegginga som er gjort.

**Vedtak samrøystes:**

Fellesnemnda gir arbeidsutvalet i oppgåve å utarbeide mandat for arbeidsgruppene.  
Fellesnemnda syner til at arbeidet i fase 2 av bygging av Fjord kommune, må kome vidare.

**14/18 Konstituering av partsamansett utval for ny kommune Norddal og Stordal**

Saka kom opp som følgje av reglement for val leiar og nestleiar til PSU i kommunelova.  
Det er fellesnemnda som skal stå for val av leiar og nestleiar.

**Behandling i møtet:**

Fellesnamnda drøftar moglege kandidatar for leiarvervet og det vert sett fram konkret forslag.  
Kjersti R. Hjelle sette fram forslag om Arne Sandnes som leiar.  
Arne Sandnes sette fram forslag om Olav Løvoll som leiar.  
Kjersti R.H trekte då sitt forslag, og Olav Løvoll vart vald til leiar av PSU.

Sidan det no var ein leiar frå Norddal, ville det vere bra om nestleiar var frå Stordal, og Bjørn Ove Olsen vart føreslått og valt som nestleiar.

**Vedtak samrøystes:**

Fellesnemnda vel samrøystes Olav Løvoll til leiar, og Bjørn Ove Olsen som nestleiar i partsamansett utval for Fjord kommune.

Eva Hove  
leiar

Hilde Dyrkorn  
prosjektleiar